

Uskedelinger sentrale i nytt Baronispel

21.10.2008

Fire uskedelinger er sentrale i førebuingane av eit nytt Baronispel, som blir eit musikkspel mog skal framførast i Borggarden i 2010. I styret sit Elin Legland, Per Myklebust, Kristian Bringedal (sekretær og kommunal representant) og Åse Myklebust Neset.

Ellers i styret finn ein Bjørn Skibenes. Åslog Magnusson er kontaktperson mot Baroniet medan Marit Sofie Lea er kunstnarleg konsulent for prosjektet.

Planen er å ha tekst og musikk klart til våren for så å bruka det neste året på å finna skodespelarar og øva inn spelet, som er kalla "Draumeslottet" Det melder Grenda.

Ketil Bjørnstad har som ved førre høve (Baronispel i Baronihagen 1987/1993) laga musikken og teksten er omarbeidd av Hanne Bramnes. Hu er sambuar til Lars Amund Vaage, som skreiv originalmanuskriptet. Som i førre omgang blir det ein blanding av amatørar og profesjonelle.

Av Ola Matti Mathisen